

HANDLINGSPLAN

FOR EIT GODT PSYKOSOSIALT SKULEMILJØ



VÅGEN SKULE



- for mobbefritt miljø -

Vedtøken 4.07.2012

INNHALDSLISTE

FØREORD AV REKTOR	3
SKULEN SITT ARBEID MOT KRENKING OG MOBBING	4
A. DEFINISJON AV OMGREPET MOBBING	4
B. KJENNETEIKN OG ROLLAR I MOBBING OG VED KRENKING:	4
1 AVDEKKING AV MOBBING OG KRENKING	5
1.1 ÅRLEG UNDERSØKING AV OMFANGET AV MOBBING OG KRENKING VED SKULEN.....	5
1.2 VAKT OG TILSYNSORDNINGAR	5
1.3 KOMMUNIKASJON LÆRAR – ELEV – FØRESETTE	6
1.4 VED MISTANKE OM KRENKING OG MOBBING	6
2 PROBLEMLØYSING OM MOBBING/ KRENKING HAR SKJEDD	7
3 MÅL: KRENKING OG MOBBING PÅ SKULEN OG SKULEVEG VERT STOPPA.....	7
2.1. SAMTALE MED OFFERET	7
2.2.1 SAMTALE MED DEN SOM KRENKJER ELLER MOBBAREN (5- 10 MIN)	7
2.2.2 GRUPPESAMTALE, OM DET ER FLEIRE KRENKJER ELLER MOBBARAR (5-10 MIN).....	8
2.3 OPPFYLGING AV OFFER GJENNOM SYSTEMATISK STØTTE OG VERN:	8
2.4 OPPFYLGING AV DEN SOM KRENKJER ELLER MOBBAREN:.....	8
3.5 INDIVIDUELL OPPFYLGING OG AVSLUTNING AV EI SAK SOM GJELD §9A	9
3.6 ARBEID I ETTERKANT AV EI MOBBESAK – ORGANISASJONSARBEID	9
4 FØREBYGGING	10
4.1 RELASJON LÆRAR - ELEV.....	10
4.2 RELASJON LÆRAR - KLASSE	10
4.3 RELASJON ELEV - ELEV	10
4.4 RELASJON LÆRAR - FØRESETTE/ ELEV	11
4.5 SKULEN SITT SAMARBEID MED HEIMANE.....	11
4.6 SKULESTART KVAR HAUST	11
4.7 OVERGANGAR MELLOM BARNEHAGE OG VÅGEN SKULE.	12
4.8 OVERGANG FRÅ VÅGEN SKULE TIL ØLEN UNGDOMSSKULE.	13
4.9 SIKRING AV ARENAER SOM SKULEGARD, TOALETT, GYMSAL OG SKULEVEG	14
5 KONTINUITET	14
5.1 ANSVARSKJEDE.....	14
5.2 FASTE TILTAK I EIT ÅRSHJUL	15
5.3 ÅRLEG GJENNOMGANG OG REVISJON AV PLANEN.....	15
5.4 KURS HOS PERSONALET OG FORELDRE/ FØRESETTE.....	15

FØREORD AV REKTOR

Opplæringslova § 9a slår fast at ”*Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*”

Barn- og unge har rett til eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø med nulltoleranse for krenking; som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme. Difor vart Vågen skule Zero-skule 1.august 2010. Elevar, foreldre og tilsette har som mål at kvar elev skal oppleve eit skulemiljø prega av helse, trivsel og læring og har på same tid nulltoleranse for krenking i skule- og fritid for alle born. Den einkilde elev sine behov, rett til tryggleik og ivaretaking, skal til ei kvar tid stå i sentrum. Å sikra barnet sin rett, vil krevja heilhjarta innsats av både foreldre og personal. Skal me nå målet, må alle gjera eit aktivt arbeid, ha kunnskap om krenking og om verknadane av dette, og vera forplikta på å ta krenking og mobbing på alvor om dette vert avdekka.

For den som vert utsett for krenkjande ord og vondsinna åtferd, eller vert utestengd, har dette verknader som eit overgrep. Dette kan skada eit barn både på kort og lang sikt. Når nokon vert utsette for negative ord og handlingar over tid, kjenner dei seg som offer i møte med ein eller fleire medelevar. Gruppa og tilskodarar kan gje plagaren ekstra makt til handlingane sine. Krenking og mobbing handlar i stor grad om at eitt barn har makt og at den som vert krenka kjenner avmakt.

Digital mobbing har gjeve ny arenaer for krenking og mobbing. Om ein skriv nedlatande om andre på mobiltelefon, MSN, Facebook eller i andre sosiale media, slepp ein stå ansikt til ansikt med den ein utset for negative budskap. Ein kan i tillegg dekkja seg til gjennom kallenamn som ingen kjenner. Ein ser heller ikkje reaksjonane hos mottakaren. Det kan også vera raskt å ”hengja seg på” ei negativ melding frå andre og støtta opp om negative ”bylgjer” og haldningar.

Det kan vera vanskeleg å seia frå, men det er likevel viktig. Barn har rett å seia frå til vaksne, heime, på skulen eller til fritidsleiaren sin, dersom ein vert utsett for negative ord eller handlingar. Foreldre har rett til å ta kontakt med skulen om barnet vert utsett for krenkjande ord eller handlingar.

Arbeid mot krenking og mobbing krev kontinuerleg innsats. Denne handlingsplanen er ein forpliktande plan og dannar grunnlag for å ivareta retten til eit godt psykososialt læringsmiljø på Vågen skule.

Lykke til med felles innsats!



*Zero-arbeidet
byggjer på det
grunnleggjande synet at
alle barn
er likeverdige og
menneskeverdet er
ukrenkjeleg*



Vågen skule, 4.juli 2012

Liv Ingunn Heie Medhaug,
Rektor

SKULEN SITT ARBEID MOT KRENKING OG MOBBING

Mål: Alle elevar skal oppleve eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

A. Definisjon av omgrepet mobbing

”Med mobbing eller plaging forstår vi psykisk og/eller fysisk vold retta mot eit offer, utført av einskildpersonar eller grupper. Mobbing føreset eit ujamt styrkeforhold mellom offer og plagar, og episodane vert gjentekne over tid.” (Roland og Sørensen Vaaland, i ”Zero, SAFs program mot mobbing. Lærerveiledning: 2003).

B. Kjenneteikn og roller i krenking og ved mobbing:

Alle barn kan hamna i ei eller fleire av desse tre rollene, uavhengig om ein har nokre av desse kjenneteikna.

Kjenneteikn i dei ulike rollene KAN vera:

MOBBAR (Den som krenkjer)	OFFER	TILSKODAR
<ul style="list-style-type: none">- Ofte litt meir populære- Gutane er i fleirtal- Meir aggressive enn andre (<i>tiltrukne av aggressiv film/ leik</i>)- Er avhengig av tilskodarar- Gutar plagar begge kjønn, jenter oftast jenter- Gutar ofte litt fysisk sterkare- Lågare sjølvbilete- Meir engstelege og deprimerte- Legg skulda på offeret (<i>anklagar offeret for å vera dum, ufyseleg, irriterande, ikkje fylgja reglar.....</i>)- Heng seg raskt på negative stemningsbylgjer.- Tenkjer svart/kvitt- Barn kan ha negative heimeforhold	<ul style="list-style-type: none">- Engstelege, viser frykt- Grin gjerne lett- Har gjerne yngre venner- Har ofte fysiske smerter (<i>vondt i hovudet, magen</i>)- Gutar er ofte litt fysisk svake- Under gjennomsnitt i skuleprestasjonar- Lågare sjølvbilete enn andre- Ofte einsame og lite populære- Emosjonelle problem- Elevar som er fine, eller som utmerkar seg positivt på skulen fagleg eller i idrett	<ul style="list-style-type: none">- Gjer ikkje noko med det ein ser- Feiltolkar- Gjeng- Synest mobbinga er underhaldande, ler gjerne av det som skjer- Blir dregne med- Vågar ikkje seia i frå, synest det er vanskeleg å seia frå- Kan vera litt usikre- Dei fleste er i mot mobbing- Gir drivkraft til dei som mobbar- Redsel for å stikka seg fram og koma i same situasjon- Plagaren trur at tilskodarane støttar dei- Dei er ein taus majoritet- Dei viser ofte uttrykk for meir positivitet for mobbinga enn dei eigentleg innerst inne meiner

1 AVDEKKING AV KRENKING OG MOBBING

Mål: Krenking og mobbing som går føre seg i og ved skulen, vert avdekka

1.1 Årleg undersøking av omfanget av mobbing og krenking ved skulen

A. Trivselsundersøking for 3. – 7. klasse i november kvart år

Foreldre får informasjon i forkant. Undersøkinga blir gjennomført samstundes for alle klassane. Samla resultat av undersøkinga med oppfylgingsplan vert lagt fram for personale, elevar og foreldre.

Ansvarleg for undersøkinga: Rektor samordnar og set i gong undersøkinga.
 Kontaktlærer gjennomfører undersøkinga i den einskilde klasse.

Ansvar for oppfølging i personal, FAU og Skulemiljøutval:
 Kontaktlærer oppsummerer resultatet på klassenivå.
 Rektor oppsummerer resultatet på skulenivå.
 Rektor legg fram oppfylgingsplan.

B. Nasjonal elevundersøking for 7. klasse innan 1. mai kvart år

Foreldre får informasjon i forkant. Rektor informerer elevane om Elevundersøkinga og går gjennom spørsmåla før undersøkinga vert gjennomført. Samla resultat av undersøkinga vert lagt fram for personale, elevar og foreldre for analyse og oppfølging.

Ansvarleg for undersøkinga: Rektor registrerer elevar som skal delta i undersøkinga.
 Kontaktlærer gjennomfører undersøkinga med elevane.

Ansvar for oppfølging: Kontaktlærer oppsummerer resultatet.
 Rektor legg fram resultatata for analyse i personalet og FAU.

1.2 Vakt og tilsynsordningar

A. Alle som har vakt ber vest som gjer dei synlege i skulegard/uteområde

Dei som har vakt har eit spesielt ansvar for å fanga opp situasjonar og stoppa negativ aktivitet. Rutineplan for vaktordninga ligg i skulen si Handbok.

B. Det skal vera eit forsvarleg vakthald inne og ute i skuletida

Det er også vakt ute 10 min før skulestart og ved skuleslutt. Rektor set opp vaktliste.

C. Vakt- og tilsyn skal fylgja skulen sine reglar og ansvarsområde

Reglar og ansvar for kvart område vert gjennomgått ved starten av nytt skuleår og ved behov gjennom skuleåret. Reglar og ansvar vert revidert ved behov. I overgongar mellom time og friminutt sikrar den vaksne utan ansvar for opplæring, overgong time- friminutt og friminutt-time. Den som har ansvar for opplæring, er i klasserommet når det ringjer inn til ny time.

M-vakta har tilsyn på vest- og nordsida av skulen.

S-vakta har tilsyn på sør- og austsida av skulen

O-vakta har omvandrande vakt, og har eit særleg ansvar for tilsyn for enkeltelevar og for fysisk aktivitet.

1.3 Kommunikasjon lærar – elev – føresette

A. Krenking og mobbing vert teke opp i elevsamtalar og gjennom daglege observasjon/ kontakt

Det vert som hovudregel gjennomført fire elevsamtalar i året. Dette kan supplerast med å la elevane skriva logg, laga sosiogram for å kartleggja eller anna. Det er viktig å oppfordra elevane å melde frå til vaksne dersom dei erfarer eller ser krenking eller mobbing.

Ansvarleg: Kontaktlærar.

B. Krenking og mobbing vert teke opp i alle faste samtaletimar med elevar og føresette

Elevane skriv eigenvurdering i samband med halvårsvurderinga to gonger i året. Dette er eige punkt på eigenvurderingsskjemaet som vert fylt ut saman med heimen før samtaletimen.

Eleven er med på samtaletimen om våren. *Barnet har rett til å vera med på samtalen frå fylte 12 år.*

Ansvarleg: Kontaktlærar

C. Krenking og mobbing som tema på møte med foreldrekontaktane

ZERO-planen vert teken opp på førebunde foreldremøte kvar haust. Ansvarleg: Rektor, i samarbeid med kontaktlærar og foreldrekontaktane.

D. Mobbing og krenking er tema på klasseforeldremøte

På kvart foreldremøte om hausten skal Zero vera fast punkt på møteinnkallinga.

Ansvarleg: Kontaktlærar/foreldre

1.4 Ved mistanke om krenking og mobbing

Mistanken kan koma frå heim eller skule og må undersøkjast.

A. Samtale med eleven som er utsett for krenking og mobbing

Samtale på tomannshand. Laga notat.

Ansvarleg: Vaksen på skulen/ kontaktlærar.

B. Informasjonsinnhenting gjennom observasjon

Informasjon om eleven, evt "lapp i hylla", til alle vakter. Dette skal vera til hjelp for å observera/ fylgja ein spesiell elev i ein periode.

Ansvarleg: Kontaktlærar

C. Kontakt med heimen

Jamleg dialog skule - heim i telefon eller oppfylgjande møte.

Ansvarleg: Kontaktlærar

D. Hjelp frå andre instansar (t.d. PPT, helsestasjon, barne- og familierettleiar, barnevern osv...)

Henta inn munnleg løyve frå foreldre til at PPT observerer eleven på PPT-dagen.

Henta anonyme råd i konsultasjon med helsesøster, psykisk helse og barnevern.

Ansvarleg: Rektor, i samarbeid med kontaktlærar og foreldre.

2 PROBLEMLØYSING OM KRENKING/MOBING HAR SKJEDD

Mål: Krenking og mobbing på skulen og skuleveg vert stoppa.

Ingen saker som gjeld mobbing/ krenking er like. Dette er ein prosedyre som kan brukast i dei fleste saker, eventuelt verta tilpassa. Mobbing/ krenking skal verta behandla etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslov, jfr. opplæringslova §9a. Om SFO er involvert, er SFO-koordinator delaktig i prosessen. Skulen sin fellesstrategi skal sikra at lærarar eller føresette som tek opp ei sak etter §9a, veit at den vert teken opp seriøst etter retningslinjer ein er blitt einige om.

Kontaktlærar er som hovudregel ansvarleg for å gjennomføra samtalane og fører logg. Målet er å ivareta og beskytta offeret på best mogeleg måte. Samtalane går føre seg på skjerma plass.

2.1. Samtale med offeret

1	Lærar klargjer at han veit kva som skjer og kva åtferd skulen ikkje kan akseptera.	Læraren må før samtalen ha skaffa informasjon. Å avdekka krenking/ mobbing og samla informasjon, er ei kollektiv oppgåve i kollegiet.
2	Gje eleven støtte.	Ta eleven på alvor. Har krenking/mobbing gått føre seg lenge, kan eleven kjenna seg skuldig, eller eleven er redd for represaliar.
3	Gje anledning til at eleven får fortelja, men ikkje press.	Dersom det ikkje kjem fram noko eller eleven ser redd ut, tek du ein ny første samtale raskt. Fullfør likevel første samtale.
4	Læraren seier at han vil stoppa dette og at eleven skal få informasjon på førehand kva som skal skje.	Klargjer prosessen for eleven, slik at eleven ikkje treng engsta seg unødig.
5	Læraren seier at han vil informera foreldra til eleven.	Grunnen er at fleire vaksne skal spela på lag og gje eleven tryggleik. Kan også vera aktuelt å fortelja at dei andre lærarane på skulen veit og fylgjer med.
6	Lærar førespeglar eleven på korleis det blir å koma tilbake til klassen, no når ein avtale er gjort.	Kva kan du seia når andre elevar spør?
7	Avtala nytt møte med eleven.	Ha gjerne to møte med offeret før samtalen med plagarane.

2.2.1 Samtale med den som krenkjer/mobbar (5- 10 min)

Er det fleire involvert, skal ikkje elevane få høve til å snakka saman mellom samtalane.		
1	Lærar konfronterer eleven med at han veit kva som føregår og at denne åtferda må slutta straks (no).	Sørg for å ha informasjon.
2	Lærar gjev eleven høve til å uttala seg, men går ikkje inn i diskusjon. Lærar møter elevane med akseptierende haldning, men er fast på at åtferda ikkje er akseptabel. Lærar har ansvar for at eleven vert emosjonelt berørt/ engasjert. Kvifor gjer du dette? Kva om du vart utsett for dette? Kva om nokon såra dine svake sider?	Sei at eleven skal få høve til å uttala seg og at du ikkje vil bryta inn anna enn å stilla utdjupande spørsmål. Du kan kommentera med å seia " Eg registrerer kva du seier". FELLE 1: Å gå inn i diskusjon - det gjev eleven kontroll (noko læraren skal ha!) Lærar må fylgja nøye med, det kan koma informasjon som er nyttig i det vidare arbeidet.
3	Lærar seier at han vil informera rektor og foreldre.	La eleven forstå at dette er eit kollektivt arbeid og at det ikkje berre handlar om at denne eine læraren bryr seg.
4	Lærar spør om eleven har sett nokon andre plaga det aktuelle offeret.	Her må lærar fylgja med. Det kan koma informasjon til bruk seinare.
5	Lærar inviterer eleven til å koma med forslag til tiltak for å få slutt på krenkinga/ mobbinga.	FELLE 2: Generalisering. Eleven må konkretisera kva dette betyr for han og kva han vil gjera i konkrete situasjonar. Dersom eleven har mange idear, må han koma med endringar som kan gjennomførast raskt. Lærar har kontroll ved å be eleven om å konkretisera.
6	Lærar prøver få eleven til å forplikta seg til å slutta med krenkinga/ mobbinga.	Dersom eleven ikkje vil forplikta seg, må lærar seia at dette er eleven sitt val, men det kjem til å få konsekvensar. Skulen har plikt å setja i verk tiltak.
7	Lærar førespeglar eleven på korleis det blir å koma tilbake til klassen, no når ein avtale er gjort. (Kva kan du seia når andre elevar spør?)	Dette for å gjera det lettare for eleven å klara halda det dei har lova.
8.	Lærar informerer om at han vil snakka med dei andre elevane som deltek i mobbinga enkeltvis, og deretter snakka med dei samla.	

2.2.2 Gruppesamtale, om det er fleire som krenkjer/mobbar (5-10 min)

Gruppesamtalen skal gjennomførast umiddelbart etter dei individuelle samtalane. Lag skriftleg notat etter samtalen.

1	Læraren startar med å referera kva som er komen fram i dei individuelle samtalane. <i>Det er viktig å visa elevane samla at lærar har danna seg eit heilare bilete og at dei alle har bidrege til dette</i>
2	Lærar informerer om at saka er teken opp med den som vert utsett for krenking/ mobbing og at eleven også er informert om samtalen som no finn stad.
3	Lærar informerer om at den som krenkjer/mobbar sine foreldre vert informert og at rektor er informert.
4	Lærar prøver å forplikta elevane på å unngå krenking/mobbing ved å få kvar til å seia at dei ikkje vil delta i krenkinga/ mobbinga.
5	Lærar spør elevane kva dei vil gjera om dei ser andre krenkja/ mobba den aktuelle eleven.
6	Lærar nyttar førespegling for å førebu elevane på møtet med a) den aktuelle eleven (offeret) b) dei andre elevane i klassen
7	Lærar formidlar at han har tillit til at eleven no fylgjer opp avtalane.

Lærar vurderer om det straks skal vera møte mellom dei som krenkjer/mobbar og den som blir utsett for krenking/mobbing. I ein slik samtale skal normalt lærar gje elevane ordet, men sørgja for ein konstruktiv konklusjon. Bruk gjerne førespegling.

2.3 Oppfølging av offer gjennom systematisk støtte og vern:

A. Oppfølgingssamtalar med offeret: - dagleg den første tida - etter 2- 4 dagar - ein gong i veka og etter kvart sjeldnare. Viktig å gjera avtale om konkrete tidspunkt.	<i>Viktig å fylgja offeret tett opp, for å høyra korleis det går, slik at eleven kjenner støtte og vern. Har krenkinga stoppa?</i> <i>Oppfølgingssamtale med foreldre til offeret. Er det noko offeret kan gjera for ikkje å koma i situasjonar kor krenking kan skje. Kva kan foreldra gjera?</i> <i>Motivera foreldre til å gje offeret fritidsaktivitetar som støttar opp om positiv åtferd. Dette må fylgjast opp av foreldre.</i> <i>Gje tilbod om hjelp frå andre instansar som PPT, psykisk helseteneste eller andre.</i>
B. Forsterka vakthald som vern for offeret	
C. Vakt som "frimerke" for offer.	

2.4 Oppfølging av den som krenkjer eller mobbar:

Stilla krav om at den negative, vondsinna åtferda skal ta slutt.

Gjera tiltak for den som krenkjer/mobbar ut frå konsekvensar i Ordensreglementet.

- Forsterka vakthald, vakt som "frimerke", for den som krenkjer/ mobbar.
- Fylgja opp med konsekvensar i Ordensreglementet.
- Oppfølgingssamtale med den som krenkjer/ mobbar saman med foreldre, med mål å utvikla akseptabel åtferd.
- Kopla inn andre instansar (PPT. BUP. Barnevern. Verneombod. Barne- og familierettleiar. Andre)
- Gje ART-kurs til mobbar.
- Motivera foreldre til å gje den som krenkjer/mobbar fritidsaktivitetar som støttar opp om positiv åtferd. Dette må fylgjast opp av foreldre.
- Byta skule

2.5 Individuell oppfølging og avslutning av ei sak som gjeld § 9a

HANDLINGSPLIKT §9a- 3 2.ledd	VEDTAKSPLIKT §9a-3, 3.ledd
Om nokon som er tilsett ved skulen får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme skal ein snarast undersøkje saka.	Dersom foreldre ikkje er nøgde med tiltaka etter §9a-3, 2.ledd, eller elev eller foreldre ber om tiltak som vedkjem eit godt psykososialt miljø, munnleg eller skriftleg, skal skulen handsama saka som eit enkeltvedtak.
Den einskilde tilsett har handlingsplikt om ein oppdagar at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar. <i>Det er viktig at den enkelte tilsett grip inn og skaffar fakta i saka. Kontaktlærer har hovudansvar for å konkretisera tiltak, syta for tidspunkt for evaluering og fylgja opp.</i>	Skulen har vedtaksplikt, og skal visa: <i>Fakta i saka, om eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø er oppfylt, grunngeving for vedtaket, konkretisera tiltak, ha tidspunkt for evaluering og opplysa om klagerett.</i> Rektor gjer vedtaket.
Kontaktlærer informerer foreldre/ føresette.	Foreldre har klagerett.
Tilsette/ kontaktlærer skriv referat om fakta, tiltak og evaluering i elevmappa.	Vedtak for plagarane vert gjort på grunnlag av ordensreglementet.

2.6 Arbeid i etterkant av ei sak etter § 9a – organisasjonsarbeid

Problemløysing på individnivå og etterarbeid etter ei sak knytt til § 9a, kan avdekkje svake punkt i systemet, som bør verte endra for å verke førebyggjande. Det er difor viktig at kvar sak vert avslutta med ei evaluering der leiinga saman med aktuelle partar drøfter kva ein i organisasjonen kan lære av denne saka med tanke på å førebyggje krenking/mobbing.

Prosedyrar for jobbing i etterkant – med fokus på organisasjonen:

1. Gjennomgang av saka med tanke på kva den viser av organisering og rutinar som ikkje fungerer godt nok.
 - Ansvarleg: Rektor
2. Informasjon til andre tilsette basert på det som kjem fram i punkt 1 i prosedyren.
 - Ansvarleg: Rektor



3 FØREBYGGING

Mål: Alle elevar skal oppleve eit godt psykososialt skulemiljø

3.1 Relasjon lærar - elev

Lærar er ein tydeleg vaksen som eleven kan ha tillit til

Tiltak for å medverke til at læraren si relasjonsbygging til den einskilde eleven går føre seg kontinuerleg og har høg kvalitet:

- fylgja ordensreglane til skulen
- god klasseleiing med gode rutinar og tydelege klassereglar
- faste elevsamtalar
- seia frå til vaksne om ein ser eller opplever noko uakseptabelt
- dagleg dialog i timar og friminutt
- ha tid til alle elevane
- bruk av loggbok ved behov
- framsnakka eleven, gje ros og oppmuntring
- god tone, godt humør og gjensidig respekt

3.2 Relasjon lærar - klasse

Lærar har leiing på ein slik måte at klassen vert opplevd som ein trygg stad for alle elevane

Tiltak for å medverke til at lærar si relasjonsbygging til klassen/gruppa har høg kvalitet:

- god klasseleiing, med tydelege konsekvensar
- vekas elev
- dagsplan på tavla som vert gjennomgått i starten kvar dag
- laga tydelege klassereglar for klassar og grupper
- ”Gledesperler” eller ”Smily’s”, som forsterking av positiv åtferd
- møta presis til kvar arbeidsøkt og koma raskt til ro
- framsnakka og sjå kvar enkelt elev i gruppa
- kvar elev skal vera likeverdig og trygg til å ta ordet i gruppa
- gje elevane kunnskap og medvit om ulike elevrollar
- regulera forstyrrende elevar

3.3 Relasjon elev - elev

Elevane i klassen tek vare på kvarandre og er opptekne av at alle har det trygt

Tiltak for å medverke til at dei vaksne si stimulering av positive relasjonar mellom elevane går føre seg kontinuerleg og har høg kvalitet.

- STOPP-regel
- faste grupper styrt av lærar, med variasjon
- fadderordning for 1. og 2.steg, med tett oppfylging av 1.klassingar
- Zuperelevar som har ansvar for fellesaktivitetar i friminutt i periodar
- sosiale tiltak der alle vert inkludert og får det kjekt i leiken
- icebreakers eller andre positive aktivitetar som kan skapa trivsel og samhold
- øva grunnleggjande sosial kompetanse, som å seia ”Hei!” eller ”God morgon!” når ein treff kvarandre, og gjennom spel, leik og samhandling.
- vera venner og stola på kvarandre
- vennegrupper i alle klassar
- framsnakka kvarandre
- vera medviten ulike elevroller, med tydeleg fokus på tilskodaren si makt i ei gruppe

3.4 Relasjon lærar - føresette/ elev

Relasjonen mellom lærar og den einskilde elev sine føresette er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje

Tiltak skulen set i verk for å medverke til at lærarane sitt arbeid med å byggje gode relasjonar til føresette går føre seg kontinuerleg og har høg kvalitet:

- to faste samtaletimar i året
- kontakttid (føresette veit om eit fast tidspunkt der ein kan ta kontakt med kontaktlærar)
- vekeplan, med e-postadresse og telefon til kontaktlærar/ skule)
- telefonkontakt/ e-post ved behov
- møte ved behov
- medviten positiv omtale av kvarandre, framsnakka kvarandre
- kommunikasjon og dialog prega av ein er likeverdige partar, med ulike roller
- foreldre informerer skulen om endringar i heimen som kan påverka barnet si læring og trivsel
- skulen informerer heimen på eit tidleg tidspunkt, om det skjer noko utanom det vanlege

3.5 Skulen sitt samarbeid med heimane

Skulen har eit ope og aktivt samarbeid med dei føresette som gruppe

Tiltak skulen set i verk for å medverke til at skulen sitt samarbeid med heimane har høg kvalitet og medverkar best mogleg til utvikling av gode læringsmiljø for elevane:

- foreldremøte kvar haust planlagt av foreldrekontaktar og kontaktlærar, med Zero som fast tema
- samarbeid gjennom FAU og SU
- informasjonsskriv frå rektor
- vekeplan med informasjon
- gjensidig kontakt
- løysa usemje så raskt som mogeleg, til beste for barnet
- vennegrupper med foreldrekontaktane som pådrivarar

3.6 Skulestart kvar haust

Skulestarten skal vere planmessig, trygg og gje alle elevar ei positiv oppleving

Tiltak skulen set i verk for å sikre ein god skulestart for den einskilde eleven:

- fellessamling i gymsalen første skuledag kvar haust, der alle vaksne vert presenterte
- kontaktlærar har alltid dei to første timane
- presentasjon av timeplan
- møte med nye vaksne i klassen/ gruppa
- bli kjende med nye lærarar og nye vaksne
- gjera aktivitetar der elevar vert trygge på kvarandre
- inkludera nye elevar, og sikra at ingen er åleine

3.7 Overganger mellom barnehage og Vågen skule.

Overganger mellom barnehage og skule og mellom skuleslag skal vera planmessig og sikra trygg overgang for borna. Rutinen for overgangen mellom barnehage og skule er forpliktande for både skule, barnehage og PPT. Rektor og styrar er ansvarlege for gjennomføringa.



Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning.” Det skal skje i nært samarbeid med heimen. Planane for overgangen frå barnehage til skule skal vere nedfelte i årsplanen til barnehagen.” (Rammeplanen s.53)

TID PÅ ÅRET	TILTAK	ANSVAR
SEPT.	Informasjon til foreldra i barnehagane, på foreldremøte eller i foreldresamtale, om: <ul style="list-style-type: none"> rutinen i kommunen ang. skulestart at skulen sender ut innskrivingsskjema i des./jan. at 1. mars er frist for å søkja om utsett skulestart 	Styrar
DES./JAN.	Henta ut namneliste på Unique Skole, over dei som skal starta	Sekretær/ Rektor
DES./JAN.	Annonse i avisene om at innskrivingsskjema vert sendt ut	Stabsrådgjevar
DES./JAN.	Skulen sender innskrivingsskjema til foreldra. Samtykke frå foreldra ang. innhald/informasjon som skal leverast til skulen, er del av dette skjemaet. (Vedlegg)	Rektor
JANUAR-MARS	Evt. ressursmøte skule, barnehage, foreldre og PPT om spesialpedagogiske tiltak for elevane som skal starta på 1. steg.	PPT
VÅR-HALVÅRET	Skulen held informasjonsmøte for foreldra med presentasjon av skulen, tilsette, organisering, lese- og skriveopplæringa, SFO o.a. Dette kan samkøyrast med besøk av elevane på skulen. Dette foreldremøtet kan haldast medan elevane er i lag med ”skulefadrane” sine.	Rektor
VÅR-HALVÅRET	Komande 1. steg vert innbedne til skulen. Får møta lærar, fagarbeidar, fadrar, sjå på lokala osb.	Rektor/ lærar
VÅR-HALVÅRET	Alle barn i barnehagen skal observerast med TRAS det året dei tek til på skulen. Barnehagen lagar perm med ei side per barn, der det er bilete av barnet, samt litt info om barnet.	Styrar
VÅR-HALVÅRET	Overgangsmøte mellom skule og barnehage, der barnehagen informerer om barna som skal ta til på skulen. Gjennomgang av TRAS og ”Alle med”. Deltakarar: Rektor, kontaktlærar for 1. kl. ped. leiar, styrar og ved behov repr. for PPT.	Styrar
AUG./SEPT./OKT	Foreldresamtale på skulen. Foreldre får høve til å gje informasjon om barnet. Oppfølging av TRAS er også tema.	Rektor og kontaktlærar
OKT./NOV.	Evaluering av overgangsprosessen. Styrar og rektor tar del.	Styrar

På Vågen skule fylgjer med dette opp slik:

- A. Borna kjem på uformelt besøk på skulen i mai, saman med personalet i barnehagen.
- B. Barn og foreldre/ føresette vert inviterte til førskuledag to timar i mai/juni. Rektor har foreldremøte medan borna leikar med fadrane. Fadrane møter dei nye 1.klassingane, leikar med dei og lagar fest for førskuleborna og foreldra/ føresette til slutt på samlinga.
- C. Skulen kallar inn til foreldremøte i august, før 1.skuledag. Ansvarlege er kontaktlærer og rektor.

Barn som ikkje har gått i barnehagen eller er nye, skal sikrast på best mogeleg måte ved start.

3.8 Overgang frå Vågen skule til Ølen ungdomsskule.

Overgangar mellom skuleslaga skal vera planmessige og sikra trygg overgang for elevane. Rutinen for overgangen mellom barneskule og ungdomsskule er forpliktande for både barneskule, ungdomsskule og PPT. Rektor på ungdomsskulen er ansvarlege for gjennomføringa.

A. Ølen skule besøkjer Vågen skule i april og informerer om ungdomsskulen

B. Elevane vert sett saman slik:

- 1. Gruppene skal vera om lag like store.
- 2. Gruppene skal vera sett saman av om lag like mange jenter og gutar.
- 3. Gruppene skal ha ei best mogeleg samansetjing for å få eit godt læringsmiljø for alle og for den enkelte elev. *Dette inneber også vekt på skulefaglege interesser og sterke sider hos elevane.*
- 4. To viktige prinsipp vil vera:
 - a) Kontinuitetsprinsippet: Gode vennskapsforhold bør takast vare på i same klasse
 - b) Brotprinsippet: Elevane vert sette saman uavhengig av bustad og tidlegare skulekrins. Elevar som påverkar kvarandre negativt eller har dårlege relasjonar skal normalt ikkje gå i same klasse. Brotprinsippet kan vera eit godt tiltak for å skapa eit godt klassemiljø og førebyggja krenking/ mobbing.
- 5. Ølen skule har det formelle ansvaret for å setja saman gruppene, ut frå informasjon frå kontaktlærarane i 7.klasse på Bjoa, Vågen og Ølen skule, eventuelt PP-tenesta. Informasjonen vert gjeven i eit formelt møte.

Gruppene vert sett saman ut frå skjønn med bakgrunn i pkt. 1- 5.

C. Elevane besøkjer Ølen skule

Elevane på Vågen skule besøkjer Ølen skule om våren, der dei møter kvarandre og får omvising og god informasjon.

D. Foreldremøte på Ølen skule

Foreldre i 7.klasse vert innkalla til foreldremøte på Ølen skule våren i 7.klasse

E. Sosialt tiltak for elevane i 7.klasse Bjoa, Vågen og Ølen skule

Det vert om våren sett i verk eit sosialt tiltak for alle elevane som skal starta på Ølen skule, slik at dei skal verta litt kjende.

3.9 Sikring av arenaer som skulegard, toalett, gymsal og skuleveg

Skulen har prosedyrar og sjekkpunkt som gjer at skulegard, toalett, gymnastikkfløy, SFO og skuleveg vert opplevd som trygge stader. Tiltak er:

- Trafikkvakt før skuletid
- Vakthald i alle friminutt med desse areala som sjekkpunkt
- Trafikkvakt etter skuletid
- Godt samarbeid med foreldre og trafikkselskap om skuleveg og skuleskyss, der kvar melding skal sjekkast ut og vert følgd opp så raskt som mogeleg.

4 KONTINUITET

Mål: Skulen sitt arbeid med å førebyggje, avdekkje og stoppe krenking/ mobbing går føre seg kontinuerleg

4.1 Ansvarskjede

Prinsippet er at problem vert løyst på så lågt nivå som mogeleg, men at lærarar veit når saker skal verte meldt vidare, og dei veit kven dei kan vende seg til dersom problema ikkje kan verte løyst på deira nivå. Det vil altså vere som ei trapp, der ein prøver å løyse problema på eit så lågt nivå som mogeleg, men der ein går lenger opp i trappa når det er naudsynt.

Det er sett opp ei oversikt over kven som har ansvar for kva som skal verte gjort når det gjeld krenking/ mobbing:

TRINN 4				Rektor ² i samarbeid med SFO-koordinator, kontaktlærer og foreldre/ føresette og evt. PPT
TRINN 3			SFO-koordinator Kontaktlærer Foreldre/ føresette Rektor ¹	
TRINN 2	Foreldre/ føresette	SFO-koordinator Kontaktlærer		
TRINN 1	Alle vaksne har ansvar for å - førebyggja - observera - setja grenser			

¹ Rektor vert informert.

² Rektor vurderer tiltak som er gjort og ser til at det vert sett inn målretta tiltak slik at elevane sin rett til eit godt psykososialt skulemiljø vert ivareteke.

4.2 Faste tiltak i eit årshjul

For å sikre kontinuitet i tiltak for å førebyggje og avdekkje mobbing, vert faste tiltak på skulen sett inn i ein kalender over skuleåret. *Det vert sett opp i aktivitetskalenderen som følgjer skuleåret og kven som er ansvarleg for gjennomføring av dei ulike tiltaka mot krenking/ mobbing*

August	Førebuande foreldremøte	Rektor. Kontaktlærer. Foreldrekontaktar
August	Skulestart: <i>Rutinar. Ordensreglar. Sosial basiskunnskap. Aktivitetsplan for skuleåret</i>	Rektor. Kontaktlærarar
August	Laga klassereglar- etter plan.	Kontaktlærer
September	Foreldremøte	Kontaktlærer og foreldrekontaktar
August- september	Elevsamtale 1	Kontaktlærer
November	Trivselsundersøking	Rektor. Kontaktlærer. FAU.
November	Eigenvurdering	Elev og foreldre
November	Samtaletime	Kontaktlærer kallar inn
Oktober- desember	Elevsamtale 2	Kontaktlærer
Januar- Mars	Elevsamtale 3 *	Kontaktlærer
Mars- april	Eigenvurdering	Elev og foreldre
Mars- april	Samtaletime	Kontaktlærer kallar inn
April	Elevundersøking 7.steg	Rektor. Kontaktlærer. FAU.
April- Mai	Elevsamtale 4 *	Kontaktlærer

* *Ein av elevsamtalane om våren kan vera samanfallande med halvårsvurdering/ samtaletimen.*

4.3 Årleg gjennomgang og revisjon av planen

For å gjere planen til eit aktivt verktøy i organisasjonen, vil det vere naudsynt med ein årleg gjennomgang for å vurdere om planen fungerer tilfredsstillande eller om den treng revisjon.

- Rektor tek opp Zero-planen på kvart førebuande foreldremøte i august, der kontaktlærarar og foreldrekontaktar er samla.
- Foreldrekontaktane, kontaktlærer og SFO-koordinator tek Zero-planen opp på foreldremøta i alle klassar/ grupper i september.
- Rektor tek Zero-planen opp på planleggingsdagen i august kvart år og med FAU kvar haust.
- Rektor sikrar opplæring hos dei vaksne i personalet.
- Revisjon av Zero-planen vert gjort innan 1.mai, slik at revisjonen er klar til nytt skuleår.

4.4 Kurs hos personalet og foreldre/ føresette

- Rektor sikrar opplæring i personalet og arbeid med case gjennom skuleåret, for å sikra utvikling av felleshaldningar i personalet og felles repertoar om krenking eller mobbing skjer.
- Rektor og FAU vurderer tiltak og opplæring for foreldre/ føresette, evt. etter ynskje og innspel frå foreldre.